

Hordaland Fylkeskommune  
Kultur og Idrettsavdelinga  
Boks 7900  
5020 Bergen



Leirvik, 27.02.14

### Søknad om støtte

Tusen takk for støtta me har mottatt tidlegare frå dykk. Vedlagt ligg søknadsskjema om søknad til barne- og ungdomsarbeidet IMS driv i Sunnhordland, Hardanger og Voss.

### Barne- og ungdomsarbeidet til IMS

Barne- og ungdomsarbeidet til IMS baserer seg i hovudsak på tre områder; Leir, lagsbesøk og arrangement.

Me har to flotte leirstader som me disponerer ein del tid hos; Brandøy på Bjoa og Helgatun i Myrkdalen. Begge stader er det 100 sengeplasser. Me har tre leirsongar med til saman 23 leirar for barn og unge, dei fleste leirane er fullbooka.

Ved vårt årsmøte vert det valt eit barne- og ungdomsråd (BUR) med spreing i alder, kjønn og geografi. Desse 7 har mynde ift saker som gjeld barne og ungdomsarbeidet.

### Lokallag – engasjement og utbreiing

Ved utgongen av 2013 hadde **me 58 aktive barne- og ungdomslag** tilslutta oss. Av desse er 20 ungdomslag, 29 barnelag, 3 småbarnslag (under skulealder), 6 barne- og ungdomskor. Det er flott at 41 av laga har sendt inn medlemslister, tar medlemskontingent og er medviten sitt høve til å motta frifond-midlar; noko som igjen vil koma laget og medlemene til gode. **Totalt har 820 unge betalt medlemskontingent.** Når me i tillegg tar med laga som ikkje har sendt inn medlemslister, pluss dei unge som ikkje har betalt noko medlemskontingent, skjønar me at gjennom året er det **over tusen unge som jamt er aktive i våre lag.**

Av søknadsskjemaet ser de at me har lag i mange kommunar. Dei fleste laga er lokalisert i Sunnhordland, men me finn også lag i store og små bygder innover Hardanger. På Voss har me eiga forsamling. Frammøte på eit lag varierer. I nokre bygder kan det vera få eller middels mange som møter opp, medan lag i andre bygder når dei fleste i den aktuelle aldersgruppa. Det er flott å oppleva det gode omdømmet laga har i bygdene, og at arrangement på bedehuset mange stader er samlingspunktet for lokalsamfunnet.

Me har som mål at våre tilsette skal besøkje alle lag 2-4 gonger i året, og får tilbakemelding frå lokale lagsleiarar at det er god hjelp og fin nettverksbygging at me kan besøkje laga.

### Tal på arrangement – leiarar

I 2013 arrangerte me 21 leirar. Totalt hadde me 1249 deltakarar, og 237 leiarverk på desse leirane, dvs at ein deltakar kan ha reist på fleire leirar og ein leiar kan ha vore leiar på fleire leirar, det er ikkje dermed snakk om antal ulike personar. Det blir lagt mykje arbeid i kvar leir, slik at deltakarane skal få det best mulig. Kvar leir er eit arrangement i seg sjølv og krev mykje forarbeid. Det som er igjen av tid når leirane er førebudd og gjennomført går med til lagsbesøk og ulike samlingar. Alle arrangementa me har er opne for alle interesserte innanfor det aktuelle klassettrinne. Både på leir og på barne- og ungdomslaga våre er det låg terskel for å delta, og det er også målet for arbeidet vårt. Her skal alle vera velkomne. Lokale leiarar gjer ein kjempejobb med å stilla på laget veke etter veke. Fleire av desse leiarane stiller også opp som leiarar på leir. Vårt eige barne- og ungdomsråd stilte dessutan opp som leiarar på barne- og ungdomsleiarakonferansen på Brandøy i Januar. Me er også glade for at det er populært for ungdomane å vera leiarar på leir. Her får dei god leiartrening, og får dessutan oppleva det gode fellesskapet. Fleire foreldre stiller også opp når borna deira skal på leir.

## Samarbeid mellom organisasjonane

IMS ynskjer å være ein av fleire aktørar i eit levande barne- og ungdomsarbeid. Me har fleire arrangement der me står saman med andre organisasjonar; haustens PitStop var eit samarbeid med Betlehem i Bergen, i september deltok IMS på KickOff Sunnhordland saman med Den norske kyrkja og KFUK/KFUM. I august er Imf-UNG (vår hovudorg) medarrangør i #UL. IMS har òg regelmessige møtepunkt med barne- og ungdomsarbeidarane til Normisjon NLM, KFUK/KFUM, NMS og Søndagsskulen i sunnhordland/nordrogaland. Desse finn stad x1 i semesteret. Her utvekslar me erfaringar, deler info om komande arrangement og finn motiavsjon og inspirasjon.

## Arrangement og nytenking

\*Det største arrangementet på ungdomsfronten er **Pit Stop**. Det blir arrangert kvar haust for ungdom i heile Sunnhordland. Pit Stop er eit samarbeid mellom IMS, leiarar i lokale lag og ImF-UNG. Målet var å samla ungdom i bygdene torsdag-laurdag, 11-13. oktober i haustferien. Her var det undervisning, seminar, aktivitetar, kafè, konsert m.m. I haust hadde me samarbeid med Betlehem i Bergen, og fekk ungdomar der til å leia oss i lovsong. Ruben Lie Monsen frå ImF-UNG hadde bibeltimane, Torgeir Nygård hadde andaktar på kveldstid samt eit seminar «Loff eller grovbrød» - korleis få andeleg mat gjennom bibel og bøn. Me hadde også andre seminar som: «Kristen kvar dag» av Arnt Johan Vistnes, «Kven trur du at du er» av Laila Hansen Røksund og Trygve Leigland, «Everybody hurts!» av Kjetil Fyllingen og «Dating/singelliv» av Morten Eikli. Rekneskapet for Pit Stop 2013 blir lagt ved.

\*Påskan 2014 prøver me noko nytt. Me har laga til ein **leir for 20-30.års alderen**, fordi me meiner at det manglar tilbod for den aldersgruppa. Me har tatt kontakt med gamle kjenningar til Brandøy som reiste på leir då dei var yngre, og som kan være interesserte å vera med på leir igjen. Det har vore god respons på dette, og me håpar at både dei som reiste på leir som unge og dei som er studentar eller i aktuell alder vil reise på leir. Det blir spennande å sjå utviklinga frå den leiren. Den blir arrangert påskeveka, 18.-20. april.

\***Påkefestivalen** er på Brandøy for 8.kl og oppover. Dette er ein vanlig leir, men den går over fire dagar. Denne leiren er veldig populær for ungdommane, og det er mange som melder seg på år etter år. Det er flott at me har så mange dagar slik at me får betre tid til å bli kjent med kvarandre. Å bygga relasjonar er noko me ser på som svært viktig.

\*Elles prøver me å tenkje nytt om dei arrangementa me allereie har; både leirar og storsamlingar. I januar arrangerte me **BULK**, barne- og ungdomsleiarkonferanse for leirleiarar, leiarar i lokale lag og andre interesserte. I Januar 2013 hadde me med oss Birgitte Bjørnstad Sæbø som er profesjonell forteljar. Ho hadde forteljarkurs med utfordrande praktisk øving, og seminar om kreativ formidling. Thore Søvik, FriBu-pastor i Lyngdal Frikirke, var med og heldt bibeltimar/seminar om "Ditt potensiale i Gud". Svært inspirerande for alle som deltok. BULK-helga hadde om lag 60 deltakarar. Praksis-team frå Bibelskule Bildøy var med oss, dei hadde ansvar for song og musikk, samt aktivitet og fysisk utfolding i KRIK-regi.

\***Sommarens storsamling** er nemninga på vårt årsmøte i kombinasjon med stemnehelg. Årsmøtet til IMS er lagt til helg med program fredag til søndag. Her er det alltid eigen barnekomitè, eigen ungdomskomitè og fleire samlingar for generasjonane samla. Juni 2013 var samlinga i Norheimsund. Der hadde ungdomsavdelinga arrangement som bassengbading, egne bibeltimar, torgtreff med invitert ungdomskor, Respons. Konsert v Respons, uteaktivitetar og sosialt fellesskap med grilling om kvelden.

Barnekomitèen arrangerte Barnas Sommarfest, "Saman er vi best"- barnesamling v/ Tore Thommassen, og søndagsskule.

Sommaren **2014 feirar IMS 150 års jubileum!** Dette skal markerast stort under Sommarens Storsamling på Husnes. Me arbeidar med Bursdagsfest for borna, og får blant anna besøk av "Øystein og Chris" som innslag til underhaldning. Det vert arbeidd med konsert eller "Happening" for ungdommane.

### T2- student


Me har ikkje hatt T2-studentar sidan skuleåret 2011/2012. Men i år kjem me til å få ein frå hausten av (skuleåret 2014/2015). Opplegget går ut på at studenten er knyta opp mot andreårslinja til Bildøy - bibelskulen vår på Sotra. Ein T2-student har 22 veker praksis (som går til vårt arbeidet) og 15 veker med undervisning og oppfølging på Bildøy. Me er så heldige at Jakob Saghaug, som 1.året på Bildøy no, vil vera T2-student hos oss frå hausten av. Jakob har sjølv vore leiar for UKS og IUF som er ungdomslag knytta til Leirvik bedehus. Han er kjent i lokal samanheng, og ungdommane kjenner godt til han. Han er ein stor ressurs og me gler oss til me får han med i arbeidet.

### Ettersending av revidert reknskap og årsmelding

Årsmeldinga for barne- og ungdomsavdelinga, samt reknskap for IMS vil bli ettersendt. Det er lagt ved foreløpig reknskap.

Me håpar de ser positivt på søknaden vår.

Mvh



Ingfrid B. Hystad  
Barnesekretær

Linda Aase  
Ungdomssekretær

Leirar på Brandøy og Helgatun 2013

<b>Leirar Brandøy</b>	<b>Dato</b>	<b>Alder</b>	<b>Antall deltakarar</b>	<b>Antall leiarar</b>
Vinterleir	25.-28. februar	5.-7.klasse	47	10
Yngsteshelg	8.-10. mars	2.-5.klasse	67	11
Påskefestival	22.-26. mars	8.kl og oppover	76	12
Juniorhelg	12.-14. mars	4-9 år m/følgje	87	12
Dugnadshelg	31.mai-2.juni	Alle	38	
Minileir	25.-27.juni	2.-5.klasse	65	10
Sommarleir	28.juni-1.juli	5.-7.klasse	32	8
Familieleir	5.-9.juli	Alle	84	11
Aktiv-ten	8.-11.august	8.kl og oppover	56	16
Yngsteshelg	25.-27. oktober	3.-5.klasse	69	13
Ten-helg	1.-3.november	8.-10.klasse	53	13
Dugnadshelg	8.-10.november	Alle	51	
Haustrreff	15.-17.november	10.kl og oppover	42	9
Miniadventshelg	30.nov-1.desember	2.-4.klasse	40	15
Adventsleir	6.-8.desember	5.-7.klasse	68	10
		<b>Antall</b>	<b>875</b>	<b>150</b>
<b>Leirar Helgatun</b>	<b>Dato</b>	<b>Alder</b>	<b>Antall deltakarar</b>	<b>Antall leiarar</b>
Skiweekend	8.-10. februar	1.vg og oppover	72	9
Skiweekend	15.-17. februar	8.kl – 1.vg	74	11
Superhelg	31. mai-2.juni	0-9år m/følgje	86	14
Sommarleir	25.-27.juni	2.-4.kl og 5.-7.kl	33	12
Familieleir	5.-9.juli	Alle	62	10
Førjulshelg	22.-24.november	2.-4.kl og 5.-7.kl	56	12
Ungdomshelg	6.-8.desember	8.kl og oppover	24	8
Haustkferanse	1.-3.november	Alle	56	11
		<b>Antall</b>	<b>463</b>	<b>87</b>
		<b>Tilsaman</b>	<b>1338</b>	<b>237</b>

## Inntekter og utgifter Pit stop 2013

<b>Inntekter:</b>		<b>Sum</b>
<b>Sponsorar:</b>		
Valvatne Bygg AS	1.000,-	
Sag og Bygg	2.000,-	
XL-bygg Valvatne	1.000,-	
SKL	10.000,-	kr 14.000,-
<b>Kollekt</b>		
Torsdag kveld 10/10	840,-	
Fredag kveld 11/10	1.466,-	
Laurdag kveld 12/10	1.745,-	kr 4.051,-
<b>Sal av mat (buffèt dagtid)</b>		
Fredag 12/10	2.700,-	
Laurdag 13/10	2.950,-	kr 5.650,-
<b>Sal av T-skjorter</b>		kr 3.725,-
<b>Overnatting</b>		kr 2.350,-
<b>Sum inntekter</b>		<b>kr 29.776,-</b>
<b>Utgifter:</b>		
<b>Morten Eikli</b>		kr 2.000,-
<b>Pynt</b>		kr 1.022,-
<b>Husleige</b>		kr 1.200,-
<b>Overnatting</b>		kr 2.700,-
<b>Annonser</b>		
Bømlo-nytt		kr 2.520,-
<b>Reisegodtgjersle</b>		
Yngvild Olsen	360,-	
Morten Eikli	1.780,-	
Band (476 + 533 + 1.033)	2.042,-	kr 4.182,-
<b>Leige av bil, band frå Bergen</b>		kr 1.890,-
<b>Mat planleggingsmøter</b>		
21/2	700,-	
24/4	700,-	
24/9	700,-	
10/10 Mat meny	360,-	
22/11 Evaluering	525,-	kr 2.985,-
<b>Sum utgifter</b>		<b>kr 18.499,-</b>